Møre og Romsdal fylkeskommune

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 Trondheim

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
	30.06.2026	26/9219 - 26/115900	Petter Jenset -	09.07.2026

Sunndal kommune - Søknad om varig omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde i Grødalen

Konklusjon
Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer at tiltaket inneber ei varig omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde. Forskyvinga av arealet ser likevel ut til å kunne gjennomførast utan reduksjon av friluftslivsverdiane dersom erstatningsarealet får same juridiske sikringsstatus og vilkåra lengre ned blir lagt til grunn. På dette grunnlaget tilrår fylkeskommunen at Miljødirektoratet kan vurdere å godkjenne søknaden.

Bakgrunn
Sunndal kommune søker om å forskyve eit statleg sikra friluftslivsområde på parkeringsplassen ved Steinbrua ved Vangshaugen i Grødalen for å etablere eit servicebygg med garasje for tråkkemaskin og offentleg toalett. Kommunen foreslår at eit areal på 996 m² vert teke ut av dagens sikringsområde og erstatta med tilsvarande areal lenger sør innanfor same parkeringsområde.

Bakgrunnen for søknaden er at fylkeskommunen i høyringsuttale til mindre reguleringsendring vurderte garasjen som ei varig omdisponering av statleg sikra friluftslivsområde som må behandlast etter Miljødirektoratet sine retningslinjer for omdisponering.

Fylkeskommunen si vurdering
Arealet inngår i eit statleg sikra friluftslivsområde der sikringsformålet er utfartsparkering og tilrettelegging for friluftsliv. Parkeringsplassen ved Steinbrua fungerer som ein innfallsport til Grødalen og er ein viktig del av tilrettelegginga for allment friluftsliv både sommar og vinter.

Området er kartlagt som eit svært viktig friluftslivsområde med områdetype *stort turområde med tilrettelegging*. Det finst eit stort nettverk av turstiar og turisthytter i området. Vangshaugen som driftast av Kristiansund og Nordmøre Turistforening ligg i rett ved parkeringa.

Eit offentleg toalett er etter fylkeskommunen si vurdering eit tiltak som styrkjer bruken av området og ligg nær opp til sikringsformålet. Garasje for tråkkemaskin er derimot eit driftsbygg som primært tener drift og vedlikehald av løypenettet. Tiltaket representerer derfor ei anna arealbruk enn det området opphavleg vart sikra for.

Kommunen skriv at arealet som vert teke ut av sikringsområdet blir erstatta med tilsvarande areal og at det samla statleg sikra arealet dermed ikkje blir redusert. Vidare peikar kommunen på at forskyvinga skjer innanfor eit allereie opparbeidd parkeringsareal, og at tiltaket ikkje medfører nye inngrep i omkringliggjande natur.

Fylkeskommunen meiner at eit arealbytte må vurderast opp mot om friluftslivsverdiane samla sett blir oppretthaldne eller styrkte. Det er ikkje tilstrekkeleg at arealet er like stort; erstatningsarealet må òg ha tilsvarande funksjon og verdi for friluftslivet.

I denne saka ligg både eksisterande og føreslått sikringsareal innanfor same parkeringsområde. Den praktiske funksjonen som utfartsparkering for allmenn bruk ser ut til å kunne oppretthaldast sjølv om delar av totalarealet forsvinn til servicebygg. For funksjonen det statleg sikra arealet har i dag vil det truleg vere betre for brukarane om garasjen blir lagt nord for der brukarane skal parkere, enn om garasjen blir bygd sør for dagens sikra areal.

Vidare vil servicebygget med offentleg toalett gi betre tilrettelegging for brukarane av området. Garasje for tråkkemaskin kan også bidra til meir robust drift av skiløypene og dermed styrkje friluftstilbodet vinterstid. Det er også ein fordel at bygget blir plassert på eit eksisterande opparbeidd parkeringsareal og dermed ikkje utløyser nye inngrep i naturområde.

Det som talar i mot er at bygget kan reduserer noko av det opne preget ved parkeringsplassen. Eit driftsbygg med tekniske funksjonar fører inn ein ny brukstype i området. Tiltaket inneber også at delar av område ikkje lenger kan nyttast til parkeringsareal. Dette kan på sikt utløyse behov for å utvide parkeringsarealet og dermed gi nye naturinngrep. Det er også viktig å understreke at tiltaket kan etablerer ein presedens der driftsbygg vert innpassa i statleg sikra friluftslivsområde.

Fylkeskommunen vil likevel ikkje rå frå at søknaden blir innvilga, under føresetnad av at:

1. Det statleg sikra arealet ikkje blir redusert i omfang og at parkeringskapasiteten i det nye området blir like stor.
2. Bygget blir avgrensa til det omsøkte arealet og utforma med låg visuell påverknad, naturtilpassa materialbruk og dempa fargar.

3. Toaletta skal vere offentleg tilgjengeleg.

Med helsing

Christine Reitan
assisterande kulturdirektør

Petter Jenset
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Heidi Grete Betten
Sunndal kommune

Vedlegg:
Sunndal kommune - plansak - reguleringsplan for Grødalen - planID 20110620
Høringsbrev 20.03.2026
Høringssvar fra Statsforvaltaren 25.03.2026
høringssvar fra Møre og Romsdal fylkeskommune 07.04.2026
Hørinssvar fra NVE 14.04.2026
Høringssvar fra Ivar Magne Gravem 16.04.2026
AcosSvarInn

Mottakere:
Miljødirektoratet

KOPI